

# DIMMELSVIK ENTREPRENØR AS

---

OMVIKEDALSVEGEN 138, 5464 DIMMELSVIK

ORG NR. 990 149 062  
Tlf.: 92 64 72 32 / 92 88 90 88  
E-post: [post@dimmelsvik.no](mailto:post@dimmelsvik.no)

Kvinnherad kommune  
Seksjon forvaltning  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

Dimmelsvik, 24. august 2020.

Sendt elektronisk: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

## **Gjeld bruk av Tåneset i Rosendal gnr. 81 bnr 16 – utsetjing og vidare framtidsutvikling.**

Gjeld dykkar referanse 2019/1308-7.

Dimmelsvik Entreprenør AS er leigetakar hjå Håvard Gjerde på gnr. 81 bnr 16 i Kvinnherad. Vi har nytta staden til lagring på av anleggsutstyr og hatt mellomlagring og gjenbruk av matjord, stein, knust asfalt og noko stein.

Vi er ei etablert bedrift med 27 tilsette og er blant dei største i Kvinnherad kommune. Vi har mykje anleggsutstyr og har etablert lagring av dette på ulike stader.

Vi er kjent med at utleigar Håvard Gjerde har fått førehandsvarsel om full stopp av aktivitet på Tåneset innan 4 veker frå 25.6.20. Vi vart gjort kjent med dette like før det vart ordna eit møte med Kvinnherad kommune 2.8.20 og kor det vart søkt om ei utsetjing på tilsvar frå Håvard Gjerde.

Dimmelsvik Entreprenør AS er opptekne av og driva bedrifta i ordna og lovlege former, kor det ikkje skal stillast spørsmål om vår aktivitet i negativ lei.

Vi ber om at grunneigar får noko meir tid for å eventuelt avvikla all aktivitet på Tåneset og det som vi er knytt til. Det vil vera umogeleg og svært krevjande om me skal avvikla vår aktivitet på så kort tid og dette vil og ha store økonomiske konsekvensar for oss.

Vi er under etablering av betre område for lagring av utstyr, containere etc ved Folgefonn næringshage på Seimsfoss (Palfinger). Det tek tid å få etablert seg då det krev ein del endring på lagerhall.

Me ber om at grunneigar får ei utsetjing på vår aktivitet, slik at vi kan få mogelegheit til å koma i ein dialog med Kvinnherad kommune om ei etablering av nytt område, med blant anna ei økonomisk og forsvarleg etablering.

Vi anmoder Kvinnherad kommune om å vera ein aktiv medspelar for å kunne finna næringsområder kor vår aktivitet på gjenbruk av naturprodukt skal vera ein viktig del av den verksemda vi organiserer og driv. Vi ynskjer å koma inn i ei sikker og langsiktig løysing for den delen av entreprenørvirksomheita med gjenbruk av produkt. Dette har både miljømessige og økonomisk forhold i seg som er like viktige for alle.

# DIMMELSVIK ENTREPRENØR AS

---

OMVIKEDALSVEGEN 138, 5464 DIMMELSVIK

ORG NR. 990 149 062  
Tlf.: 92 64 72 32 / 92 88 90 88  
E-post: [post@dimmelsvik.no](mailto:post@dimmelsvik.no)

Dimmelsvik Entreprenør AS ber om at Håvard Gjerde – grunneiagr av gnr. 81 bnr 16, får utsett avvikling inntil vidare, slik at vi kan få etablert oss fullt ut andre stader i samråd med mellom anna Kvinnherad kommune.


Dimmelsvik Entreprenør AS vil avgrensa sin aktivitet mellom klokka 07-15 på kvardagar.

Med helsing

Atle Søllesvik  
Dagleg leiar/ styreleiar



Stig D. Tveiten  
HMS-KS



Kopi: Håvard Gjerde, Seimshagen 43, 5472 Seimsfoss.